

The SOUND of MUSIC



Musikk: Richard Rodgers **Tekst:** Oscar Hammerstein

The Sound of Music er ein amatørproduksjon
i samarbeid med R&H Theatricals Europe

30.10. - 01.11. | OPERAHUSET NORDFJORD, NORDFJORDEID

KUNSTNARISK TEAM

Regissør/Dirigent
Koreograf
Scenograf
Kostymedesignar

Michael Pavelich
 Candice Bredesen
 Anndi Bergset
 Anne Spets

Lysdesignar
Inspisient/rekvisitør
Lydteknikk
Norsk omsetting

Ovar Holmen
 Sigrunn Heggen Leivdal
 Eirik Andreassen
 Ragnar Olsen

ROLLELISTE

Maria Schreiber
Kaptein Georg von Trapp
Abbedissen

Jorunn Torsheim
 Erlend Ona Gjøl
 Christine Marøy

Søster Berthe,
leiar for novisene

Rønnaug Torheim

Borna til Georg von Trapp:

Liesl (16)
Friedrich (15)
Louisa (14)
Brigitta (12)
Kurt (11)
Marta (9)
Gretl (5)

Martha Standal Pavelich
 Dennis Heimsæter
 Sofia Hyttedal
 Ingrid Oliva Halmes Melheim
 Iver Flyum Bjørlo
 Anna Lillestøl Naustdal
 Eirill Dæmring

Søster Margareta,
leiar for postulantane

Eline Lillestøl

Søster Sophia
Søster Theresa
Postulant

Anne Marta Vadsten
 Nora Aurdal
 Alicja Matusiak

Øvrige nonner

Alexa Rogdo Melheim
 Runa Solbakken Bergem
 Ilja Elisabeth Bech
 Louise Engeseth
 Anne Karin Rand Torheim
 Rebecca Vereide Kroken
 Martina Vie
 Maja Beate Vie
 Anne Tykhelle

Frau Schmidt,
husholderske

Torunn Lødemel Stokkeland

Max Detweiler
Elsa Schraeder
Rolf Gruber
Herr Zeller
Franz, butlaren

Roy Aron Myklebust
 Silvia Holmøy
 Asbjørn Hagen
 Dag Inge Dæmring
 Eirik Bech

Prisvinnarar

Anne Tykhelle
 Rebecca Vereide Kroken
 Martina Vie
 Maja Beate Vie

Admiral von
Schreiber/dansar

Tore Nyhammer-Taklo

Prest/Dansar
Baron Elberfeld/Soldat
Dansar/soldat
Dansar

Leif Årskog
 Knut Tore Vereide
 Isak Fotland Fænn
 Kjartan Naustdal

Marknadsføring- og medieansvarleg:

VAKN og Kristof Asbot

Foto:

Fotografen Eide

PERSONGALLERI



MICHAEL PAVELICH - REGISSØR/DIRIGENT

har vore kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord sidan oppstarten i 1998. Sidan 2000 har han vore fast dirigent for alle framsyningar og konsertar for Opera Nordfjord. I 2005 regisserte han sin første musikal, *Hair*, for Eid Ungdomsskule. Sidan 2006 har han sett opp musikal ved Eid Vidaregåande skule kvart år, bortsett frå i 2008, då han regisserte *The Sound og Music* for Eid Ungdomsskule. Han har tidlegare hatt regien for *Oliver*, *Spelemann på taket*, *Grease*, *Rent*, *West Side Story*, *Les Miserable*, *Hairspray* og *Legally Blonde*. I 2005 og 2007 var han regissør for *Elskug & Eksis*. For Opera Nordfjord har han hatt regi på operaene *Madama Butterfly* og *Søner av sola*.

CANDICE BREDESEN - KOREOGRAF

kjem frå England og har vore ballettpedagog ved Eid Ballettskule sidan ho starta den i 2005. Ho har si utdanning frå The Royal Ballet School og Hammond School of Dance and Education. og har vunne ei rekkje prisar både som dansar og koreograf, m.a. har ho to gongar vunne koreografiprisen for *The Dancing Times Challenge*. Candice har vore koreograf for alle skulemusikalane ved Eid VGS og for fleire operaer for Opera Nordfjord, m.a. *Carmen*, *Hertuginna av Chicago*, *Eugene Onegin* og for balletten *Nøtteknekkaren* i 2013, som hadde stor suksess.



ANNDI BERGSET – SCENOGRAF

kjem frå Ohio USA og har ein mastergrad i Teaterdesign frå The University of Tulane i New Orleans. Ho arbeidde ved fleire teaterscener som kulisser og rekvisitt-designar, før ho flytta til Blakset i Stryn Kommune i 2014. Ho har hatt scenografien på musikkspilet *Årringar* ved Sagedammen i Stryn. For Opera Nordfjord var ho rekvisitør på *Flaggermusen* og *Nøtteknekkaren* i 2013 og inspisient på *Turandot* i 2014.

ANNE SPETS – KOSTYMEDESIGNAR

er utdanna motedesignar frå Ist. Marangoni i Como og Milano. Ho er tilsett som kostymedesignar, scenograf og produsent for Opera Trøndelag, der ho i tillegg til hovudproduksjonen *Olav Engelbrektson* og *Tryllefløyten* har særleg ansvar for Operaskolen sine produksjonar. Ho har tidlegare hatt kostymedesign for Opera Nordfjord på *Carmen*, *Madama Butterfly* og *Turandot* og har hatt oppdrag for Operaen i Kristiansund på m.a. *Donna Bacalao* og *Sundbåten Syver* og for Musikkteateret i Trondheim, TSO og Opera di Setra i Tyllidalen.



OVAR HOLMEN – LYSDESIGNAR

kjem frå Drammen og har budd i Eid Kommune sidan 2009, då han begynte å arbeide for Operahuset Nordfjord, der han er lys- og teknikkansvarleg. Han har tidlegare gjort lysdesign for Opera Nordfjord på *Turandot* og på samtlige musikalar ved Eid vgs sidan 2009: *Grease*, *West Side Story*, *Rent*, *Les Miserable*, *Hairspray*, *Legally Blonde* og *Spelemann på taket*.



JORUNN TORSHEIM - MARIA

kjem opprinneleg frå Førde, men er oppvaksen i Oslo. Ho har si musikkutdanning frå Norges Musikkhøgskole og Goldsmiths, University of London, og arbeider som frilanssongar. Ho hadde stor suksess med kammeroperaen *Susanna frå Sunnfjord*, som ho skreiv libretto til og produserte sjølv. Jorunn gjorde rolla som Papagena for Opera Nordfjord i *Tryllefløyten* i 2011. Jorunn har nettopp lansert si nye plate *Amore e Morte*.

ERLEND ONA GJUL - KAPTEIN GEORG VON TRAPP

kjem frå Holmedal i Askvoll, men med røter frå Eid er han kjent for eidarane og nordfjordingane først og fremst som premierløytnant Myklebust i musikkspellet *Elskhug & Eksis*. Til dagleg er han lærar ved Hyllestad Skule. Han har ei karriere som musikalsongar og skodespelar og har mellom anna gjort rolla som Peron i *Evi-ta* ved Rogaland Teater og som Peter i *Jesus Christ Superstar* ved Trøndelag Teater.



CHRISTINE MARØY - ABBEDISSEN

kjem frå Bergen og er busett i Førde, der ho arbeider som distriktsmusikar. Ho er utdanna songar ved Musikkonservatoriet i Kristiansand og ved The Royal College of Music i London. Ho har delteke på ei rekkje konsertar i Sogn og Fjordane, m.a. med framsyninga *Viva la Viva*, som ho har teke initiativet til. Ho er mykje nytta som oratoriesongar og har vore solist med m.a. Sogn og Fjordane Symfoniorkester.



TORUNN LØDEMELO STOKKELAND - FRAU SCHMIDT

kjem frå Hornindal og etter 25 år har ho flytta tilbake til heimbygda med familien sin. Ho hadde sitt første oppdrag som skodespelar nettopp i *The Sound of Music* på Chateau Neuf saman med m.a. Sissel Kyrkjebø i 1985. Torunn er elles mest kjend frå film, TV og reklame frå *Trolljegeren* og i rolla som Gry i *Lillyhammer*.



ROY ARON MYKLEBUST - MAX

kjem frå Stryn, der han arbeider som journalist i Fjordingen. Han er kjend som skodespelar, komikar og kulturgründer, særleg gjennom selskapet Gaman, som står bak m.a. *Sommargale Stryn*. Vi merkar at han er vand med å stå på scena etter fleire år i rampelyset, men vi meiner at rolla som Max er hans debut som songar og dansar! Tidlegare i år var han i finaleframsyninga under NM i Revy på Høylandet.



SILVIA HOLMØY - ELSA

kjem frå Bjugn, der ho gjekk musikklinja ved Fosen vgs. Ho er no busett i Holmøyane med mann og born. Til kvardags er ho avdelingsleiar ved B-Young på Nordfjordeid, men song- og skodespelarkunstane frå ungdomstida og m.a. *Which Witch* med Jahn Teigen har no slått ut i full blomst på musikalscena.






ASBJØRN HAGEN - ROLF

er oppvaksen på Nordfjordeid, der han har vore svært aktiv i kulturlivet gjennom heile oppveksten, både som pianoelev i Kulturskulen i Eid, saxofonist i Nordfjordeid Skulekorps og skodespelar i *Elskhug & Eksis*. Han har gjort fleire hovudroller i musikalane ved Eid vgs: *Hairspray*, *Legally Blonde* og *Spelemann på taket* og hadde stor suksess med Russerevnen ved Eid vgs i vinter. No er han elev ved Romerike Folkehøgskole på Jessheim.

MARTHA STANDAL PAVELICH (16) - LIESL

kjem frå Løkja i Eid Kommune og går i 1. klasse på Eid vgs. Ho har vore medlem i Kulturskulen i Eid og Ballettskulen i Eid sidan ho var ei lita jente. I tillegg spelar ho handball og er trombonist i Nordfjordeid Skulekorps. Ho syng og spelar i to band og har sunge i operakoret i *Tryllefløyten*, *Madama Butterfly*, *Flaggermusen*, *Turandot* og *Søner av sola*, har dansa i *Nøtteknekkaren* og har vore med på fleire oppsettingar av *Elskhug & Eksis*.




DENNIS HEIMSÆTER (12) - FRIEDRICH

går i 7. klasse på Nordfjordeid Skule. Han spelar handball og dansar hiphop i Kulturskulen med Candice som lærar. Han har vore med på fleire danseframfyringar med Kulturskulen i Operahuset Nordfjord, og hadde ei lita rolle i *Spelemann på taket* i vår.

SOFIA HYTTEDALEN (14) - LOUISA

kjem frå Gloppen og har allereie utmerkt seg som ein særdeles dyktig songar. Ho kom heilt til landsmønstringa i UKM i vår med eigenkomponert song, og ho brukar mykje tid i studioet sitt, der ho komponerer musikk, skriv alle tekstane sine sjølv og spelar inn alle instrumenta til songane sine. Ho likar å danse, og i 2014 song ho rolla som Sandy i *Grease* i ei oppsetting ved Gloppen Ungdomsskule og gjorde to roller i *Alice i Wonderland* med dramalinja ved Firda vgs.



IVER FLYUM BJØRLO (11) - KURT

bur på Bjørlo i Eid, går i 7. klasse på Nordfjordeid Skule og er ein ekte entreprenør. Han har mange salsprosjekt på gang til eikvar tid, i tillegg til å spele fiolin i kulturskulen og althorn i Nordfjordeid Skulekorps. I 2012 hadde han rolla som kongssonen i *Spelet om Kong Audbjørn av Fjordane* og i sommar spelte han Oliver Langeland i musikkspilet *Elskhug & Eksis* på Nordfjordeid.

INGRID OLIVA HALNES MELHEIM (13) - BRIGITTA

går i 8. klasse på Eid Ungdomsskule og har sunge i Eid Barne – og Ungdomskor sidan ho var ei lita jente. Ho spelar kornett i Hjellev Skulekorps og trivast godt på Eid sitt fotball-lag i Jente 13/14. Ho går på turn og på teiknekurs i Kulturskulen i Eid har gledd mange med sin vakre solosong i fleire samanhengar!

**ANNA LILLESTØL NAUSTDAL (11) - MARTA**

Bur på Bjørhovde og går i 6. klasse på Haugen skule. Ho har alltid likt å synge saman med den musikalske familien sin, i tillegg til å spele fotball og gå på turn. Tidlegare har ho hatt roller både i *Spelemann på taket* og *Elskhug & Eksis*.

**EIRILL DÆMRING (5) - GRETLL**

er 5 år og bur på Nordfjordeid. Ho er veldig glad i å synge og leike teater og har gledd seg lenge til å vere med i «Song og musikk» (*Sound of Music!*).



ORKESTER

Fiolin 1

Øyvind Aspenes Robak (konsertmeister)

Martin Schiessler

Kari Standal Pavelich

Fiolin 2

Otto Ose

Erling Andreas Aabrekk

Weronika Matusiak

Andreas Espelund

Bratsj

Olga Pavlova

Agnes Elizabeth Pavelich

Cello

Henrik Silfverhielm

Ivan Smilovski

Kontrabass

Hjalmar Høeg Rønningen

Fløyte

Rebecca Lambrecht Smilovski

Klarinett

Ine Nord

Marie Rotevatn

Trompet

Cecilie Aalberg

Ingebjørg Flyum Bjørlo

Trombone

Tryggve Dyrvik

Gitar

Dan Aasebø

Perkusjon

Karl Oskar Nyberg

Paul Standal Pavelich

GRUPPELEIARAR FRIVILLIGE

Kulissar: Truls Songstad

Kostyme: Anne Sønderland

Hår/sminke: Berit Adelsten Engebretsen

Servering/vakter: Linda Osevoll Midthjell

Garderobe: Asbjørn Tverberg

Parkering: Per Bøen

Stor takk til lærarar og elevar ved Eid vgs og alle frivillige!



Kari Standal Pavelich
Operasjef

Telefon:

951 37 226

Besøksadresse:

Gamlebanken, Eidskata 10
6770 NORDFJORDEID

E-post:

post@operanordfjord.no

Pb.28g, 6771 NORDFJORDEID

HOVUDSPONSOR



Sogn og Fjordane Energi ønskjer at fylket vårt skal vere ein god stad å bu. Derfor samarbeider vi med eit rikt kulturliv som skapar trivsel og bulyst i lokalsamfunna våre.

Les meir på sfe.no



NORDFJORD
HOTELL



Sparebanken
Vest



EID KOMMUNE

OPERA
NORDFJORD

2016

OPERA I KYRKJA

Operafavorittar frå Tosca, Faust,
Cavalleria Rusticana, Otello, Tannhäuser



Eid Kyrkje: 29.01. kl. 19.00 Naustdal Kyrkje: 30.01. kl. 19.00

Stedje Kyrkje: 31.01. kl. 19.00 Volda Kyrkje: 05.02. kl. 20.00

Molde Domkirke: 06.02. kl. 19.00 Ålesund Kirke: 07.02. kl. 19.00

Billett kjøp: www.operanordfjord.no eller ved døra frå 1 t før framsyning.

www.operanordfjord.no